

# Sakspapir

<b>Sakshandsamar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Svein Helge Hofslundsengen	FE-223, FA-V11	20/1095

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
020/2023	Kraftfondsstyret	PS	05.06.2023

## Tilskot til kjøp av mjølkekvotar

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Søkjjarar kan ved kjøp av mjølkekvotar søkje om tilskot på 50%.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn / Uttale

I presentasjonen som landbrukskonsulent Kjartan Nyhammer hadde for kommunestyret 4. mai 2023 om landbruket i Masfjorden vart kommunestyret utfordra på at differensiering av alder gir negative konsekvensar ved kjøp av mjølkekvotar, då generasjonsskifte på gardane ofte skjer etter fylte 30 år, og kjøp av mjølkekvoter er viktig for å framleis kunne ha mjølkeproduksjon i Masfjorden. KrF, Arbeidarpartiet og Senterpartiet bed difor om å få opp sak i kraftfondsmøte 5. juni med forslag om at alle søkjjarar, uavhengig av alder, får kommunalt investeringstilskot på 50% ved kjøp av mjølkevot.

Vi viser til noverande retningslinjer for kraftfondet vedkommande kjøp av mjølkekvotar:

#### KOMMUNALT INVESTERINGSTILSKOT VED KJØP AV MJØLKEKVOTE, TILSKOT PR. LITER KJØP KVOTE:

Søkjjar under 30 år	50 %
Søkjjar melom 30 - 40 år	25 %
Søkjjar over 40 år	12,5 %

### Forslag til vedtak:

Søkjjarar kan ved kjøp av mjølkekvotar søkje om tilskot på 50%.

Skriv/e-post 31.5.23, på vegne av;  
Torill Torsvik Størkersen, Masfjorden Arbeidarparti  
Geir Egil Haugsvær, Masfjorden Senterparti  
Siri Tangedal Kratzmeier, Masfjorden Kristelig Folkeparti

### Fakta

Viser til politisk innspel, gjengitt over, og saka vert lagt fram med bakgrunn i dette initiativet.

**Konklusjon**

Søkjarar kan ved kjøp av mjølkekvotar søkje om tilskot på 50%.

**Kraftfondsstyret - 020/2023**

**KRFT - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KRFT - vedtak:**

Søkjarar kan ved kjøp av mjølkekvotar søkje om tilskot på 50%.